

	Skjåk kommune Økonomi	Arkivsak: 2015/506-2 Arkiv: 232 Saksbehandlar: O.G Aamodt Dato: 10.08.2015
---	---------------------------------	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
78/15	Formannskapet	18.08.2015
63/15	Skjåk kommunestyre	27.08.2015

Høring - eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Dokument

Vedlagt høringsnotat frå Finansdepartementet.

Saksutgreiing

Finansdepartementet har sendt ut høringsnotat og høringsbrev relatert til endring i reglene om eigedomsskatt på verk og bruk. Høringsfristen er 18. september 2015.

I høringsbrevet går det fram følgjande; «I høringsnotatet legger departementet fram to alternative forslag. Alternativ 1 innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner skal fritas for eiendomsskatt, mens alternativ 2 ikke bare fritar slikt utstyr, men også innebærer at verk og bruk opphører som egen kategori med den følge at slike eiendommer eiendomsbeskattes som alminnelig næringseiendom. Forslagene får ikke betydning for fastsettelsen av eiendomsskattegrunnlaget for vannkraftanlegg.»

Vurdering

Forslaga vil innebære at fleire delar av store industrielle anlegg som i dag vert skattlagt i Norge ikkje lenger kan skatteleggast. Ved en innføring av omgrepet «produksjonsinstallasjonar» som synes å favne breitt, vil og infrastrukturanlegg, slik som kraftnett, telenett, fibernett og liknande, i det vesentlige være unnateke eigedomsskatt. Forslaget inneber imidlertid ingen endringar for eigedomsskatt av vannkraftverk på noverande tidspunkt.

Skjåk kommune har store deler av sine eigedomskatteinntekter frå vannkraftverk og dette utgjør nesten 95 % av inntektene på 16,5 millionar i eigedomsskatt i 2014. Resten av inntektene, knapt 5 %, kjem frå lokale industribedrifter, regionalt kraftnett, kommunikasjonsinstallasjonar og liknande. Maskiner utgjør isolert sett lite i eigedomskatteinntekter for Skjåk kommune, men kan ha stor betydning for andre kommunar.

Selskapa som tener på ei eventuell omlegging er selskap som driv verksemd innan kommunikasjon, kraft, petrokjemi, og dette er økonomisk svært solide selskap. Endringa kan også på sikt svekke

utkantkommunar som bidrar med relativt mykje naturressursar til landet, spesielt dersom myndigheitene i neste omgang endrar rammene for å skattelegge vannkraftverk.

Uttale

Skjåk kommune meiner at dagens reglar er klart betre enn finansdepartementet sine forslag og ynskjer ikkje endingar i reglane. Alternativ 2 frå finansdepartementet er dårlegare enn alternativ 1, fordi verk og bruk opphøyrer og reduserer handlefridomen til kommunane, når det gjeld utskriving av eigedomsskatt.

Rådmannen si innstilling

Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtek uttalen som er referert ovanfor.

Behandling i Formannskapet - 18.08.2015

Samrøystes

Framlegg frå Formannskapet - 18.08.2015

Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtek uttalen som er referert ovanfor.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 27.08.2015

Forslag frå Arild de Presno (Bl) om å støtte LVK sin resolusjon frå landsmøte 2015 vart samrøystes vedteke (20 røyster):

Skjåk kommunestyre ber regjeringa forkaste forslaget til endringar i reglane om eigedomsskatt på verk og bruk.

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 27.08.2015

Skjåk kommunestyre ber regjeringa forkaste forslaget til endringar i reglane om eigedomsskatt på verk og bruk.